



STORTINGET

Innst. 174 S

(2017–2018)

Innstilling til Stortinget
frå justiskomiteen

Dokument 8:68 S (2017–2018)

Innstilling frå justiskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Trine Skei Grande, Abid Q. Raja, Carl-Erik Grimstad, André N. Skjelstad, Terje Breivik, Grunde Almeland, Jon Gunnes og Ketil Kjenseth om tiltak for å ivareta barns personvern

Til Stortinget

Samandrag

Stortingsrepresentantene Trine Skei Grande, Abid Q. Raja, Carl-Erik Grimstad, André N. Skjelstad, Terje Breivik, Grunde Almeland, Jon Gunnes og Ketil Kjenseth fremmet 16. november 2017 følgende forslag:

1. Stortinget ber regjeringen opprette en personvernkommisjon for barn og unge.
2. Stortinget ber regjeringen legge frem forslag om forbud mot kameraovervåkning i undervisningstiden på skoler og i oppholdstiden i barnehager.
3. Stortinget ber regjeringen innføre krav om at foreldre skal forelegges informasjon som er registrert om barna, før de kan samtykke til overføring av informasjonen fra barnehage til skole og mellom utdanningsinstitusjonene. Unntak fra dette kan bare gjøres av hensyn til barnet.
4. Stortinget ber regjeringen utarbeide nasjonale retningslinjer for skoler og barnehager for registrering og overføring av personopplysninger om barn i barnehage og elever i skolen.
5. Stortinget ber regjeringen sikre at barn og foresatte får informasjon om nettvett og personvern på helsestasjonen, i barnehagen og i skolen.»

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jan Böhler, leiaren Lene Vågslid og Maria Aasen-Svensrud, frå Høgre, Peter Frølich, Guro Angell Gimse og Frida Melvær, frå Framstegspartiet, Liv Gustavsén og Solveig Horne, frå Senterpartiet, Jenny Klinge og Emilie Enger Mehl, og frå Sosialistisk Venstreparti, Petter Eide, viser til Dokument 8:68 S (2017–2018) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Trine Skei Grande, Abid Q. Raja, Carl-Erik Grimstad, André N. Skjelstad, Terje Breivik, Grunde Almeland, Jon Gunnes og Ketil Kjenseth om tiltak for å ivareta barns personvern.

Komiteen registrerer forslagsstillarane sine synspunkt om at samfunnet gjennomgår ei rask teknologisk utvikling som påverkar born og unge, og at det av den grunn er behov for ei auka bevisstheit om born sine digitale rettar og rett til personvern. Forslagsstillarane framhevar at born er sikra rett til privatliv gjennom barnekonvensjonen, og at behovet for ein meir aktiv personvernpolitikk aukar i takt med den digitale utviklinga. Komiteen viser til forslagsstillarane sine 5 forslag for å ivareta born sin rett til privatliv i familien, i barnehagar og på skular.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre og Framstegspartiet, er samde med forslagsstillarane i at det er viktig å ivareta barn og unge sin rett til personvern. Fleirtalet meiner at den raske teknologiske utviklinga skapar eit behov for jamleg å vurdere spørsmål knytte til personvern generelt, og omsynet til sårbare grupper, som mellom anna barn og unge, spesielt. Fleirtalet viser til at i etterkant av at representantforslaget vart fremja, har

det skjedd endringar i regjeringa si samansetjing, og at partiet Venstre har blitt ein del av denne. Fleirtalet ser positivt på at personvern er særskilt omtalt i regjeringsplattforma. Fleirtalet viser vidare til at det er nedfelt i plattformen at det skal opprettast ein personvernkommisjon for å vurdere personvernet si stilling i Noreg. Fleirtalet meiner at utfordringar knytte til personvern for barn og unge, er naturleg å sjå i samanheng med personvernkommisjonen sitt mandat.

Fleirtalet vil kommentere dei ulike forslaga slik:

Forslag nr. 1:

Fleirtalet viser til forslaget om å setje ned ein eigen personvernkommisjon for barn. Fleirtalet ser ikkje behovet for ein eigen kommisjon på dette området, men meiner at barn sitt personvern med fordel kan sjåast i samanheng med stoda for personvernet meir generelt. Fleirtalet viser i denne samanheng til Jeløy-plattformen, der regjeringa varslar at det skal setjast ned ein eigen personvernkommisjon. Fleirtalet meiner dette er eit godt høve til å setje særleg fokus på barn sitt personvern.

Forslag nr. 2:

Fleirtalet vil gjere merksam på at spørsmålet om eit forbod mot kameraovervaking i undervisningstida på skular og i opphaldstida i barnehagar er tatt opp i det pågåande arbeidet med ny personopplysningslov. Fleirtalet viser til at høyringsinstansane langt på veg støttar eit generelt forbod om kameraovervaking på skular i undervisningstida og i opphaldstida i barnehagar, men at det er nyansar som må vurderast i den vidare handsaminga av ny personopplysningslov.

Forslag nr. 3:

Fleirtalet viser til at det går fram av forskrift om rammeplanen for innhaldet og oppgåvene til barnehagen at barnehagen må innhente samtykke frå føresette for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen. Fleirtalet viser vidare til at for anna grunnopplæring er deling av informasjon regulert av regel i forvaltningslova om teieplikt. Der overføring av opplysningar krev samtykke, må samtykke vere frivillig, uttrykkeleg og informert. Eit informert samtykke føreset at foreldre og føresette er kjende med kva informasjon som skal overførast.

Forslag nr. 4:

Fleirtalet vil vise til at barnehagar og skular har eit sjølvstendig ansvar for og plikt til å overhalde personvernlovgjevinga. Fleirtalet er kjende med at det eksisterer oppdatert og brukarvenleg rettleiingsmaterieil for opplæringssektoren på området, og viser då mellom anna til Personvernaskolen.no. Fleirtalet er oppattet av at barnehagar og skular skal ha fridom til å finne gode lokale løysingar, så lenge lovverket vert overhalde.

Fleirtalet ønskjer at det blir lagt til rette for eit godt tillitsforhold og samarbeid mellom føresette og opplæringsinstansane, gode overgangar mellom barnehage og skule og mellom utdanningsinstitusjonane.

Forslag nr. 5:

Fleirtalet er kjende med at det finst tilgang til svært mykje god informasjon retta mot barn og føresette om nettvett og personvern. Fleirtalet vil mellom anna vise til Datatilsynet og Senter for IKT i utdanningen sine relevante opplegg på nettstaden Dubestemmer.no. Fleirtalet er vidare kjende med at nettstaden vert nytta av eit breitt spekter av brukarar: både born og unge, føresette, skular og barnehagar, politi, helsepersonell, frivillige organisasjonar, bibliotek m.fl. Fleirtalet viser til at kunnskapsformidling om nettvett og personvern er nedfelt i rammeplanen for innhaldet og oppgåvene til barnehagen og i læreplanverket for grunnopplæringa – Kunnskapsløftet.

Eit anna fleirtal, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Senterpartiet, fremjar følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa sjå til at mandatet til den varsla personvernkommisjonen inkluderer eit særleg oppdrag om å vurdere stoda for personvernet til barn, og å kome med tiltak for å styrke dette.»

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet viser til egne merknader og forslag i Innst. 70 S (2016–2017) om opprettelse av en personvernkommisjon for barn og unge og forbud mot kameraovervåking i skolen. Disse medlemmer merker seg statsrådets uttalelser om at sistnevnte har vært tema under høringen om ny personopplysningslov. Disse medlemmer mener at forslaget om en personvernkommisjon for barn og unge er godt begrunnet, og viser til at Senterpartiet senest i 2016 støttet et slikt forslag.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser til at når komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet viser til at det skal opprettes en personvernkommisjon, og bruker dette som hovedargument for ikke å opprette en egen personvernkommisjon for barn og unge, er det for komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet nærliggende å forstå dette som at nedsettelsen av en personvernkommisjon er nært forestående. Disse medlemmer er enige i at personvern for barn og unge kan vurderes i forbindelse med at det settes ned en personvernkommisjon som også ser på andre områder, men dette forutsetter at opprettelsen av en slik kommisjon ikke blir ytterligere utsatt. Disse medlemmer forventer at arbeidet med å sette ned en personvernkommisjon starter snarest mulig.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti stiller seg bak Venstres opprinnelige forslag om behovet for å øke bevisstheten om barn sine digitale rettigheter og rett til personvern. Det er et stort behov for økt kunnskap om personvernets kår for barn og unge i en digital tidsalder, og det er nødvendig å drive mer aktivt holdningsskapende arbeid og spre mer informasjon om utfordringer knyttet til barns personvern på arenaer hvor man møter barn og foreldre.

Dette medlem ser fram til en kommende personvernkommisjon, men ønsker likevel et eget fokus rettet mot barn og unges personvern, som kan gå grundig inn i problemstillingen og komme med råd og anbefalinger til barn, foreldre, helsestasjoner, barnehager, skoler og politiske myndigheter.

På denne bakgrunn fremmer dette medlem følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen opprette en personvernkommisjon for barn og unge, eller på annen måte sikre at barn og unges personvern får en egen plass i kommende personvernkommisjon vedtatt i regjeringsplattformen.»

Forslag frå mindretal

Forslag frå Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen opprette en personvernkommisjon for barn og unge, eller på annen måte sikre at barn og unges personvern får en egen plass i kommende personvernkommisjon vedtatt i regjeringsplattformen.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Senterpartiet.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjere følgende

v e d t a k :

Stortinget ber regjeringa sjå til at mandatet til den varsla personvernkommisjonen inkluderer eit særleg oppdrag om å vurdere stoda for personvernet til barn, og å kome med tiltak for å styrke dette.

Oslo, i justiskomiteen den 6. mars 2018

Lene Vågslid

leiar

Frida Melvær

ordførar

